



Arkivnr: 2017/485-63

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne | | 31.10.2018 |

Ad. tryggleiken på ferjene i Hordaland

Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har motteke ein E-mail frå leiar i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Austevoll. Dei har den siste tida motteke fleire bekymringsmeldingar frå personar med nedsett funksjonsevne i samband med det som dei opplever som dårleg bemanna ferjer til og frå Austevoll. Dei håper at fylkesrådet kan hjelpa dei i denne saka. Sjå vedlagte E-mail frå leiar i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Austevoll.

Det vert og vist til referatsak RS 21/18 som var på sakslista til fylkestinget den 02.10.2018, tryggleiken på ferjene. Sjå vedlegg.

Med bakgrunn i førespurnad frå rådet i Austevoll og i referatsak RS 21/18, ønsker rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland ein orientering frå Skyss. Rådet vil be om at Skyss orienterer om tryggleiken og bemanninga på ferjene i Hordaland. Rådet ønskjer og at Skyss orienterer om når neste «anbodspakke» for ferjene er, samt Skyss sitt arbeid med tryggleik på ferjer i denne samanheng.

Økonomi: Dette er vurdert i samband med budsjett til Skyss/samferdsel.

Klima: Kan ha effekt.

Folkehelse: Tiltaket kan ha stor effekt for folkehelsa.

Regional planstrategi: Kan ha noko effekt.

Forslag til vedtak

Rådet vil be om ein orientering frå Skyss om tryggleiken på ferjene.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs
jurist/rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. E-mail frå leiar i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Austevoll.
2. Referatsak 21/18 til fylkestinget 2.10.2018, tryggleik på ferjer